

Ein ny start

Skulestart er eit nytt kapittel i livet til barnet ditt. Kanskje kjenner han eller ho alle i klassen. Kanskje er det nye barn i klassen du ikkje har sett før? Kanskje har du og familien din nettopp flytta til ny plass og ny skule? Saman med skulen har du og dei andre foreldra eit felles ansvar for eit godt og trygt klassemiljø slik at barna kan kjenne seg trygge og trivast i skulen. Skulen vil legge til rette for sosiale aktivitetar både for elevane og foreldra for å bidra til eit godt samarbeid og miljø mellom heim og skule. Å ha felles møteplassar også utanom skulen, er positivt for kontakten i foreldregruppa. Den som vert klassekontakt kvart år kan ta initiativ, men ansvaret kan fordelast slik at fleire kan bidra. Aktivitetane nedanfor er meint som forslag. Hensikta er å ha det kjekt og skape gode fellesopplevingar. Fleire idear kan de til dømes finne på www.fug.no.

Forslag til aktivitet:

- Lån gymsalen ein laurdag og leik saman med ungane. «Kanonball», «Stiv heks», «Kongen befaler», «Alle mine duer kom heim» og «Slå på ringen» er kjekke leikar for barn på barnetrinnet.
- Utfordr barna til å lage rebusløp for foreldra med spørsmål frå fagområde dei jobbar med på skulen.
- Ha kinoframvising på storskjerm i klasserommet. La barna dele ut eller selgje billetter og snacks.
- Ha sykkeldag på skuleplassen på våren. Lån utstyr til sykkelløype i gymsalen.
- Dra på årleg klassesetor med foreldre og barn.
- Ta ein tur til biblioteket etter skuletid. Dette kan skape leselyst hos både barn og vaksne.
- Delta saman på Barnas Turlag sine turar eller andre lokale arrangement.
- Delta på dugnad i regi av skulen.
- Arranger jule- eller påskefrukost. Alle tek med eit pålegg, brød eller drikke og møtast i klasserommet før undervisning.
- Fleire forslag til aktivitet?

Vere saman



Illustrasjon av Simon, 1.klasse

